

Meland kommune
Postboks 79
5906 Frekhaug

Norheimsund, 28.01.2015

Dykkar ref: 15/23-15/1709

Prosjekt: Tilbod skisseprosjekt

Vår ref: IE

**VEDRØRANDE AVVISNING AV TILBOD PÅ PROSJEKTET
«SKISSEPROSJEKT SAGSTAD OG GRASDAL SKULE»**

Viser til e-post frå Berit Eskeland, berit.eskeland@meland.kommune.no, sendt til post@geoplan.no den 28.01.2015.

I følge e-post avviser Meland kommune tilbod frå Geoplan AS på «Skisseprosjekt Sagstad og Grasdal skule» etter §11-11 Avvisning på grunn av forhold ved tilbudet: Et tilbod skal avvises når: a) det ikkje er levert innen den fastsatte tilbudsfristen.

Me ønskjer å klage på vedtaket då me er ueinige i dette. Tilbodet vårt vart postlagt innan fristen som står i anbudsgrunnlaget: Fredag 23.01.2015 kl.14.00. Stempel og signatur frå Posten viser at tilbodet vart postlagt 23.01.2015 kl.13.45. Viser til anbudsgrunnlaget, side 5:

«Tilbodet skal leverast i lukka konvolutt til Meland Kommune, Rådhuset innan 23. januar kl. 14.00. Eller sendast pr. post til Meland kommune, p.b. 79, 5906 Frekhaug innan same frist. Tilbodet skal merkast: "Tilbod skisseprosjekt Sagstad og Grasdal skule". Tilbodet skal vere på norsk, og kan ikkje leverast per e-post.»

Me ber om at vedtaket vert omgjort og at tilbodet frå Geoplan AS vert vurdert i anbudsprosessen.

Med helsing
Ingvild Eikefjord
Sivilarkitekt MNAL

